

Saksbehandlar: Daniel Gåsemyr Fluge, Administrasjon og innovasjon
Sak nr.: 21/1577-1

Finansutvalet 17.03.21

Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - Arbeidsdokument 1/21

Framlegg til prosessvedtak:

- Finansutvalet legg til grunn at dei økonomiske måltala for
 - netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter - 1,75 %
 - disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter – 10 %som vart vedteke i kommunestyresak 21/2019, er retningsgivande for arbeidet med årsbudsjett 2022/økonomiplan 2022-2025.
- Finansutvalet legg til grunn at det økonomiske måttalet for langsiktig gjeld (eks. pensjonsforpliktingar) i prosent av brutto driftsinntekter vert endra til 85 %.
- Finansutvalet tek førebels rekneskapsresultat 2020 til orientering. Evt. justeringar i økonomiplanen som følgje av rekneskapsresultatet for 2020, vert vurdert i arbeidsdokument 2/21.
- Oppdaterte økonomiske føresetnader for driftsbudsjettet for åra 2022-2025 vert presentert i arbeidsdokument 2/21.
- Finansutvalet legg opp til å få framlagd resultatata av utgreiingane på sektornivå i samsvar med framdriftsplan i vedlegg 2.
- Finansutvalet tek den munnlege orienteringa om status og gjennomføring av investeringsprosjekt i 2021 til vitande.
- Finansutvalet tek orienteringa om vidare arbeid for å eit samla prioriteringsgrunnlag for investeringsprogram 2022-2025 til vitande.
- Finansutvalet sluttar seg til aktuelle vurderingar som bør sjåast i samanheng med prioriteringar av investeringsprogrammet 2022-2025.

1. Innleiing

Sogndal kommune vedtok budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 i kommunestyret i sak 121/2020. Dette vedtaket er utgangspunkt for arbeidet i finansutvalet med årsbudsjett for 2022/økonomiplan 2022-2025. Det vert vist til kommunestyresak 23/2021 for vedteken prosess for arbeidet med budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025. Denne planen ligg som vedlegg 1.

Det vert lagt opp til å legge vekt på dei langsiktige linjene i arbeidet i møta i finansutvalet fram til juni, og eit fokus på detaljane for budsjettet for 2022 i haustdelen av 2021. Rådmannen vil tilrå at den samla prioriteringa av investeringsprogrammet for 2022-2025

vert lagt fram i september. Dette for å få tilstrekkeleg behovsutgreiing av nye behov i økonomiplanperioden, jf. omtale i punkt 6.1.

2. Økonomiske måltal

Kommunestyret vedtok i kommunestyresak 21/2019 økonomiske måltal for Sogndal kommune. På bakgrunn av den politiske diskusjonen kring økonomiske måltal vil rådmannen gå igjennom føresetnadane for dei økonomiske måltala som er vedteke.

Behovet for måltal i samband med budsjett og økonomiplanarbeidet er definert i ny kommunelov:

«(Koml §14-2). Måltala må tilpassast den enkelte kommune og skal vere langsiktige. Dei finansielle måltala skal fungere som rammer for budsjettarbeidet, men er ikkje bindande for budsjettet».

Dei vedtekne økonomiske måltala for Sogndal kommune vert omtala kort under, samt rådmannen si vurdering knytt til fastsetting av desse måltala:

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter - 1,75 %

Departementet si tilråding er at netto driftsresultat i kommunesektoren bør vere minst 1,75 prosent av brutto driftsinntekter for å sikre ein sunn og god økonomi over tid. Eit negativt driftsresultat minskar kommunen sitt handlingsrom. Etter rådmannen si vurdering er måltalet ein god indikasjon på kva som er ei langsiktig tilnærming til ei sunn og god drift av kommunen.

Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter – 10 %

Indikatoren viser kor stor del av kommunen sine balanseførte midlar som kan nyttast til finansiering av drift og investeringar. Disposisjonsfond er ein viktig buffer som gjer det mogleg å møte uføresette hendingar (til dømes auke i renteutgifter eller lågare kraftinntekter). Rådmannen legg til grunn at det er eit viktig prinsipp at faste årlege utgifter ikkje bør finansierast med bruk av disposisjonsfond. Disposisjonsfond bør nyttast til å finansiere eingongsutgifter både for tiltak i drift, og for å finansiere investeringsprosjekt. Sogndal kommune sitt disposisjonsfond vart i budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 anslått til 5,15% for 2021. Disposisjonsfondet er venta å minke gjennom økonomiplanperioden sjølv om vedtekne innsparingskrav vert effektivt. Utviklinga i samla disposisjonsfond heng tett saman med utviklinga i netto driftsresultat. Rådmannen tilrår å vidareføre det økonomiske måltalet i tråd med KS i anbefaling.

Langsiktig gjeld (eks. pensjonsforpliktingar) i prosent av brutto driftsinntekter – 75 %

Gjeldsgraden er ein viktig indikator for handlingsrommet til å vedta framtidige investeringar. Mål for lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter er vedteke av kommunestyret til 75 prosent. Lånegjelda omfattar all lånegjeld inklusiv startlån, lån til finansiering innanfor sjølvkostområda og anna gjeld som ikkje er renteeksponert. Per 31.12.20 er den samla lånegjelda for Sogndal kommune på vel 1,1 mrd. kr. Startlån gjennom Husbanken utgjer 75 mill. kr av dette og om lag 370 mill. kr er knytt til sjølvkostområdet, det vil seie vatn, avløp og renovasjon.

Sogndal kommune sin gjeldsgrad per 31.12.20 er på 90 prosent og ligg såleis over den vedtekne målsettinga.

Befolkningsframskrivingane syner ei positiv folketalsutvikling for Sogndal kommune i åra framover. Dette tilseier at eit gitt gjeldsnivå vil kunne fordelast på fleire innbyggjarar i framtida. Isolert sett kan dette vere eit argument for å ligge over det anbefalte måttalet i ein vekstfase. Rådmannen vil likevel påpeike at veksten i folketallet framover er særleg stor i alderen over 80 år, noko som vil utfordre drifta vår på dette området. Det er også uvisse i kva grad inntektsnivået i rammeoverføringane vil stige i samsvar med utgiftsbehovet framover.

Rådmannen vil tilrå at Sogndal kommune justerer måttalet for nivået på langsiktig lånegjeld i prosent av brutto driftsutgifter. Rådmannen har vurdert å endre måttalet til netto lånegjeld. Det er mange ulike former for fråtrekk som vert nytta ved bruk av netto lånegjeld. Alle desse bidreg til å gjere måletalet uklart. Rådmannen tilrår difor at ein held på brutto lånegjeld, men korrigerer nivået på måttalet. Det er eit krav om at måttalet skal ta utgangspunkt i eit realistisk nivå. Ein må såleis ta omsyn til noverande lånegjeld. Det er rådmannen si vurdering at ei langsiktig tilnærming i økonomiplanen bør vere at den langsiktige gjelda (eks. pensjonsforpliktingar) i prosent av brutto driftsinntekter ikkje skal overstige 85 %.

Tilråding

- Finansutvalet legg til grunn at dei økonomiske måltala for
 - netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter - 1,75 %
 - disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter – 10 %som vart vedteke i kommunestyresak 21/2019, er retningsgivande for arbeidet med årsbudsjett 2022/økonomiplan 2022-2025.
- Finansutvalet legg til grunn at det økonomiske måttalet for langsiktig gjeld (eks. pensjonsforpliktingar) i prosent av brutto driftsinntekter vert endra til 85 %.

3. Rekneskapsresultatet for 2020 – førebels orientering

Det førebelse rekneskapsresultatet for 2020 viser eit samla resultat for kommunen med eit mindreforbruk på om lag 14 mill. kr. Resultatet er vesentleg betre enn prognostisert i løpet av 2020. I 2. tertial la ein til grunn bruk av disposisjonsfond for å balansere drifta. Resultatet reduserer behovet for bruken av disposisjonsfond, men samstundes viser førebels resultat at det ikkje var balanse mellom inntekter og utgifter i 2020. Ein måtte bruke av disposisjonsfondet for å finansiere drifta sjølv med eit førebels resultat på om lag 14 mill. kr. Rådmannen vil minne finansutvalet om at det er lagt til grunn bruk av disposisjonsfond for å balansere drifta i heile økonomiplanperioden.

Ei av årsakene til betringa i resultatet i høve prognose per 2. tertial er meirinntekter innanfor ressurskrevjande tenester i helsesektoren.

Meirinntekta på helse er knytt til at det har vore ei underrapportering på området i 2019. Dette er no retta opp i, og gir Sogndal kommune ei meirinntekt på om lag 16 mill. kr i 2020. Rådmannen tek atterhald om at revisor må godkjenne grunnlagsmaterialet som no ligg for godkjenning for 2020. Dersom denne meirinntekta vert revisorgodkjent, vil dette også ha konsekvensar for kva vi kan forvente av inntekter på området i budsjettet for 2021, samt for budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025.

Rådmannen vil i arbeidsdokument 2/21 gjere ei vurdering av framtidig forventning knytt til denne inntekta. Det vert då og gjort ei samla vurdering av andre føresetnader for driftsrammene for kommunen samla sett.

Etter rådmannen si vurdering er det vesentleg å halde fram utgreiingsarbeidet i sektoren helse for å få ei heilskapleg vurdering av framtidig effektiv organisering av sektoren. Utgreiinga vil vise eit potensiale for innsparingar og organisering av tenestene framover i Sogndal kommune.

Tilråding

- Finansutvalet tek førebels rekneskapsresultat for 2020 til orientering. Evt. justeringar i økonomiplanen som følgje av rekneskapsresultatet for 2020, vert vurdert i arbeidsdokument 2/21.

4. Driftsbudsjettet 2022-2025

4.1 Tilpassing til økonomiske rammer i økonomiplanen 2022-2025

I samband med arbeidet med budsjettet for 2021/økonomiplan 2021-2024 vart det vedteke eit omfattande arbeid med innsparingskrav i driftsbudsjettet for å møte dei økonomiske utfordringane i økonomiplanperioden. Rådmannen ser dette arbeidet som sentralt, både for å kunne tilpasse kommunen til eit driftsnivå i balanse, samt for å kunne møte nye utfordringar i økonomiplanen og oppnå målsetningane for ny kommune.

Føresetnadane i økonomiplan 2021-2024 ligg til grunn for oppstarten av arbeidet med økonomiplan for åra 2022-2025. Dei økonomiske måltala syner eit negativt nettodriftsresultat for kommunen kvart år i økonomiplanen sjølv om dei krevjande innsparingskrava vert realisert med fullt økonomisk innsparingspotensiale.

Rådmannen vil understreke at det er stor uvisse i føresetnadane som ligg til grunn for økonomiplanen. Samanslåinga av tre kommunar og økonomiske utslag av koronapandemien gjer arbeidet ekstra krevjande. Det vil difor vere vesentleg å gjere eit kvalitetssikringsarbeid av dei økonomiske føresetnadane, opp i mot rekneskapsresultatet for 2020.

I arbeidsdokument 2/21 legg rådmannen opp til at finansutvalet får oppdaterte føresetnader for økonomiplanrammene i driftsbudsjettet 2022-2025. I dette nemnte arbeidsdokument vil finansutvalet få vurderingar av:

- Økonomiske konsekvensar av kommuneproposisjonen for 2022
- Oppdaterte føresetnader for inntekter frå sal av konsesjonskraft, samt kapitalinntekter- og utgifter
- Vurderingar av rammejusteringar på bakgrunn rekneskapsresultatet for 2020

Rådmannen vil gjere ei vurdering av desse føresetnadane opp i mot langsiktig tilpassing av driftsrammene i økonomiplanen 2022-2025.

- Oppdaterte økonomiske føresetnader for driftsbudsjettet for åra 2022-2025 vert presentert i arbeidsdokument 2/21.

4.2 Arbeid med utgreiingar på sektornivå – status

Rådmannen vil kort orientere om arbeidet med vedtekne innsparingskrav på sektornivå, og forventa ferdigstilling av utgreiingane. For nokre av sektorane er det tilrådd justeringar i utgreiingsmandat og framdrift, som er kommentert under. Ei fullstendig liste over kva tidspunkt utgreiingane/tiltaka vert lagt fram til finansutvalet er presentert i vedlegg 2.

Sektor helse

Utgreiinga i sektoren helse slik den er vedteke av kommunestyret består av 4 ulike prosjekt for høvesvis institusjon, heimeteneste, bu og miljø og legeteneste. Rådmannen tilrår no at utgreiingane vert vurdert i ein heilskap. Tenestene heng saman på ein slik måte at det er føremålstenleg å sjå på organisering og innsparingane samla, med utgangspunkt i brukarane sine behov.

Rådmannen vil difor tilrå at mandatet for innsparinga vert samla i eitt prosjekt, der utgangspunktet er gode og likeverdige tenester i heile kommunen og ei drift i tråd med vedtekne økonomiske rammes for sektoren.

Desse områda vil i det vidare arbeidet vurderast i samanheng:

Institusjon, heimeteneste og bu og miljø

Arbeidsgruppa har fått i oppgåve å utgreie behov og moglegheiter for:

1. Utnytting av lokalitetar og bygg, inkludert optimal plassering av tenester etter byggmessige kvalitetar og forhold
2. Oppretting og gjennomgang av turnusavtalar og bemanningsplanar, inkludert bruk av kompetanse og kompetansmiljø
3. Endring av turnus og alternative arbeidstidsordningar – til det beste for brukarar, tilsette og arbeidsgjevar
4. Justering av prioritert tenestetilbod opp mot satsingsområda i kommunen

Mandat legetenestene:

Arbeidsgruppa har fått i oppgåve å:

1. Revidere «plan for legetenesta i Sogndal kommune» datert 26.mars 2019
2. Evaluere legevakt-piloten i Balestrand

Arbeidet skal føreslå tiltak og løysingar for å tilpasse drifta til dei økonomiske rammene i kommunen. Rådmannen legg opp til å presentere resultatet av utgreiingane samla for finansutvalet i juni, med unntak av punkt 1 i mandat for legetenestene. Rådmannen si vurdering er at prosjektet for legetenestene må utsettast og startast opp i september 2021,

med mål om ferdigstilling innan utgangen av 2021. Bakgrunnen for dette at tenesta er tungt belasta med ekstra arbeidsoppgåver relatert til Koroana-pandemien. Legekontora har sidan mars i fjor drive egne smitteavdelingar og teststasjonar i tillegg til ordinær drift. Frå januar og i alle fall til over sommaren skal det i tillegg til dette drivast vaksinerings. Det har vore, og vert framleis, uvanleg høg bruk av overtid for å klare å ta unna desse oppgåvene. I ein såpass ekstraordinær arbeidssituasjon er det svært suboptimalt å starte eit stort prosjektarbeid i tillegg.

Etter rådmannen si vurdering må det uløyste innsparingskravet på 10,1 mill. kr for sektoren i 2021 ligge fast, og manglande effekt av innsparingane i 2021 må løysast elles i sektoren. Rådmannen føreset at innsparingspotensialet knytt til utgreiinga kan hentast ut med full effekt frå 2022. Målet med utgreiingane er å finne varige innsparingar for sektoren.

I budsjett 2021/økonomiplan 2021-2025 har kommunestyret vedteke eit aukande innsparingskrav frå 2021 til 2022 på 11,7 mill. kr for sektoren. Dette innsparingskravet kjem i tillegg til sektoren si uløyste utfordring på 10,1 mill. kr 2021.

Sektor oppvekst

I sektoren oppvekst er det utarbeida ein ny ressursfordelingsmodell for skulane i kommunen. Resultata av denne vart det orientert om i formannskapet 18.02, og ressursfordelingsmodellen syner at det ikkje er tilrådeleg med eit flatt kutt i skulesektoren. Resultata viser ei underfinansiering etter lovkrav, med ein skule som var under lærarnorma. Etter ny ressursfordelingsmodell er det føresett ei auke på 3,3 årsverk frå nytt skuleår 2021/2022. Rådmannen legg opp til at dette vert løyst med ei omprioritering innanfor sektoren. Etter rådmannen si vurdering må det vurderast nye innsparingskrav på sektoren for å løyse denne utfordringa, også med tanke på varige innsparingar i økonomiplanen. Rådmannen vil kome attende med ei vurdering på dette i arbeidsdokument 2/21.

Ny budsjettmodell for barnehage er planlagd utarbeid i løpet av våren 2021, resultatet av denne vil seie noko om behovet og moglege innsparingar innan dette området. Sjå også eiga sak til formannskapet 17/3 med framlegg om utgreiing knytt til skule.

Prosjekt frå spesialundervisning til tilpassa opplæring er under planlegging, og vil vere operativt frå nytt barnehage- og skuleår.

Øvrige uidentifiserte innsparingskrav i 2021, vil sektoren arbeide med fram mot rapportering per 1. tertial.

Tilråding

- Finansutvalet legg opp til å få framlagd resultata av utgreiingane på sektornivå i tråd med framdriftsplan i vedlegg 2.

5. Investeringsprosjekt i 2021 – status

Det vert lagt opp til ein munnleg gjennomgang av investeringsprosjekt i 2021 i møte 17.03, der finansutvalet får ein oppdatert status på framdrift for prosjekta i 2021.

Tilråding

- Finansutvalet tek den munnlege orienteringa om status og gjennomføring av investeringsprosjekt i 2021 til vitande.

6. Investeringsprogram 2022-2025

6.1 Prosess for våren 2021

Utgangspunktet for arbeidet med investeringsprogrammet 2022-2025 er på bakgrunn av vedtaket i budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024. Det har vore eit ønskje frå politisk nivå å kunne vurdere investeringsprogrammet samla i juni, men utifrå oppdatert framdrift ser rådmannen at eit samla investeringsprogram for 2022-2025 ikkje er realistisk å legge fram for finansutvalet før i september. Med å utsetje framlegginga til september vil også finansutvalet også kunne ta stilling til ei samla prioritering av investeringsprosjekta på bakgrunn av samfunnsplanen for Sogndal kommune, som vert vedteken i juni.

I løpet av våren vil rådmannen arbeide vidare med utgreiing, planlegging og konkretisering av dei ulike investeringsprosjekta. Dette er eit omfattande arbeid, og sett i høve at volumet på mindre investeringsprosjekt som skal planleggast og gjennomførast i 2021 er på eit høgt nivå vurderer rådmannen det slik på noverande tidspunkt at det kan verte behov for leige inn ekstern bistand for å kome i mål med samla prosjektering og planlegging i perioden fram mot framlegging til finansutvalet i september.

I høve framtidig investeringsbehov innan oppvekst vil barnehagebruksplan som er planlagt til politisk handsaming i juni 2021, vere med å seie noko om framtidige tilpassingar og investeringar på dette området.

I konkretiseringa av nytt skulebehov i Sogndal sentrum vil rådmannen tilrå at vi bør breidde ut fokuset litt på skulespørsmålet i Sogndal sentrum. Med dette meinast at vi bør kartlegge det samla behovet knytt til bygg, opp mot elevprognosar, og gjennom dette få grunnlag for langsiktige prioriteringar på investeringar. Som ein del av dette bør det vere ein delprosess som går på å utgreie og lande korleis skulebehovet i Sogndal sentrum skal løysast. Rådmannen legg opp til at kartlegginga også ser dette i samanheng med utbygging av ny fleirbrukshall.

Tilråding

- Finansutvalet sluttar seg til vidare prosess for å få eit samla prioriteringsgrunnlag for investeringsprogram 2022-2025.
- Finansutvalet sluttar seg til at rådmannen ser utgreiinga av nytt skulebehov i Sogndal sentrum saman med ny basis- og fleirbrukshall.

6.2 Investeringsprogrammet 2022-2025 – heilskapleg økonomisk tilnærming

Sogndal kommune sitt samla investeringsbehov som er identifisert hittil i planperioden er omfattande, og rådmannen vil peike på nokre moment som vil vere vesentleg i høve å få ei heilskapleg økonomisk tilnærming til investeringsnivået i komande økonomiplan.

Vurdering av eksisterande bygningsmasse – evt. sal av eigedom

Rådmannen legg opp til å gjere ein heilskapleg gjennomgang av eksisterande bygningsmasse og ei strategisk vurdering av evt. bygningsmasse som kan seljast. Vurderingane knytt til aktuelle sal av eigedomar skal vurderast i tråd med bustadstrategien og samfunnsplanen for Sogndal kommune. I tillegg vert det vurdert om det er aktuelt med sal av eigedom i vidare planlegging av nye investeringsprosjekt. Rådmannen legg opp til at finansutvalet skal få vurderingane knytt til ev. sal av eigedom opp i mot det samla investeringsbehovet i september. Det er starta eit arbeide med å kartlegge omfanget av bygningsmassen. Dette er vesentleg å ha for å kunne gjere samla vurderingar knytt til framtidig behov. Resultatet av denne gjennomgangen og evt. tilrådde sal av eigedom, vil såleis kunne påverke det samla tilrådde investeringsnivået i planperioden. Sal av eigedom vil vere ei kapitalinntekt, som kan nyttast til finansiering av nye investeringsprosjekt og/eller reduksjon i lånegjelda for kommunen.

Finansiering av investeringar

Det vert lagt opp til at finansutvalet får ein oversikt over eksterne finansieringskjelder som ligg til grunn for det enkelte investeringsprosjekt. Døme på dette er finansiering frå husbanken, spelemidlar mv. Ekstern finansiering er viktig i høve prioriteringa av det enkelte prosjekt, då det er behovet for lånefinansieringa av finansieringskjeldene som utfordrar driftsbudsjettet for kommunen.

Investeringsprosjekt – vurdering av tilhøyrande driftskonsekvensar

I vurderinga av nye investeringsprosjekt er det vesentleg at vurderingane knytt til konsekvensar i drift vert vurderte for det enkelte investeringsprosjekt.

Investeringsprosjekta i planperioden vil utfordre lånegjelda til kommunen, noko som vil føre til auka kapitalutgifter (auka betaling av renter og avdrag). Det årlege nivået på renter og avdrag i drift utfordre driftsnivået og behov for tilpassingar i driftsrammene framover.

Utover dette er det viktig at finansutvalet får oversikt over kva andre driftskonsekvensar dei ulike investeringsprosjekta som ligg i planperioden vil gje. Finansutvalet må kjenne desse føresetnadane som eit grunnlag for ei samla prioritering av prosjekt. Døme på slike driftskonsekvensar er auka behov for drift av bygg i høve personale m.v. Både auka kapitalutgifter og auka driftsutgifter vil utfordre driftsbudsjettet i økonomiplanperioden. På den andre sida, vil nokre av investeringane også kunne føre til innsparingar i drift. Døme på dette er reduserte kostnader til straum og vedlikehald. Innsparingar i drift kan også omfatte eit redusert behov for lønskostnader ved ei meir effektiv organisering. Investeringsprosjekt som går på digitalisering er eit anna døme på investering som kan gi redusert utgiftsbehov i form av effektivisering i planperioden.

Vurdering av sekkepostløyvingar

Rådmannen vil i vidare arbeid vurdere om det er hensiktsmessig å definere nokre sekkepostløyvingar. Dette kan vere aktuelt for mindre prosjekt innan t.d. Kommunale vegar og mindre oppgraderingar/ombyggingar av bygningsmasse, utskifting av større inventar m.m. For slike sekkepostløyvingar kan det vere aktuelt å definere ei beløpsgrense, og kva som er definert som mindre prosjekt. Rådmannen vurderer å sjå nærare på ei slik innretting av to grunnar:

- behovsanalyse som grunnlag for prioritering
- planlegging og effektiv gjennomføring

Behovet for oppgraderingar og opprusting innan t.d. bygningsmasse og vegar vil vere stort kvart år framover. Rådmannen ser føre seg at det vert sett opp ei prioriteringsrekkefølge utifrå behov for slike prosjekt. I tillegg vil det vere vesentleg å sikre effektiv planlegging og gjennomføring av desse prosjekta. Med ei sekkepostløyving legg rådmannen opp til at politisk nivå kan fastsetje prioriteringsrekkefølja utifrå ei administrativ tilråding, og såleis prioritere opp enkeltprosjekt. I gjennomføringa det enkelte år vil rådmannen styre kostnadsramma på det enkelte prosjekt utifrå framdrift. Dette vil kunne gjere at prosjekta kan gjennomførast meir effektivt. Det kan til dømes vere at ein i utlysinga av eit anbod ikkje får inn relevante tilbod som gjer at prosjektet må lysast ut på nytt. Rådmannen vil vurdere ei slik tilnærming nærare i arbeidet med investeringsprogrammet utover våren, og legge fram eit forslag for finansutvalet.

Gjeldsgrad – evt. forskyving av prosjekt i tid

I arbeidet med investeringsprogram 2022-2025 vil gjeldsgraden vere avgjerande for kva nivå Sogndal kommune kan ha på dei årlege investeringane samla sett. Utvikling i samla lånegjeld, opp i mot samla driftsinntekter vil vere avgjerande for i kva grad kommunen evnar å betene lånegjelda. I tillegg vil det årlege rentenivået ha stor betydning for renteutgiftene for kommunen.

Det totale nivået av investeringar som hittil har vore vurdert som aktuelle i perioden vil langt overstige ei berekraftig utvikling i gjeldsgraden for kommunen. Rådmannen vil difor vurdere om det er aktuelt å tilrå å skyve noko av investeringane ut i tid - framleis med målsetnad om å gjennomføre prosjekta, men at vi brukar noko tid på å gjennomføringa. Eit slikt grep vil kunne bidra til at veksten i samla lånegjeld ikkje «stig for bratt».

Tilråding

- Finansutvalet sluttar seg til aktuelle vurderingar som bør sjåast i samanheng med prioriteringar av investeringsprogrammet 2022-2025.

7. Neste møte i finansutvalet

Neste møte i finansutvalet er 19. mai. I dette møtet får finansutvalet ei vurdering av sektorrammene og innsparingskrava i lys av oppdaterte føresetnader for driftsbudsjettet. Det vert og vurdert eventuelle varige rammejusteringar som følgje av rekneskapsresultatet for 2020.

Vedlegg:

1. **Prosess for budsjett og økonomiplan – KS sak 23/2021**
2. **Oversikt over planlagt framlegging av utgreiingar i høve vedtekne innsparingskrav til finansutvalet**